

20 23

ÅRSMELDING



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag

Sogn og Fjordane
Bonde- og SmåbrukarlagHordaland Bonde-
og Småbrukarlag

ÅRSMØTE 2024

Scandic Voss 9.-10. mars

PROGRAM

LAURDAG 9. MARS

Frå kl 11:00 Innsjekking på hotellet

12:00 Lunsj

13:00 Opning og helsingar

13:30 Klima - karbonlagring

Kva er karbonlagring? Gjennomføring i praksis.

Ved Irene Dalland og/eller Anders Dalland.

14.15 Lausdriftskravet og Dyrevelferdsplanen. Generalsekretær i NBS Anton Langeland, orienterer om NBS sitt arbeid med Dyrevelferdsplanen og dei nye krava for storfehold som trer i kraft i 2024 og i 2034.

14:45 Kaffipause

15:15 Norsk mat på norske ressursar

Kva skal til av endringar i politikk og matsystem for å nå dette målet?

Innlegg ved Per Olaf Lundteigen.

15.45 Innlegg ved pol.nestleiar i NBS, Vegar Vigdenes.

16.15 Debatt

17.00 Pause

17.10 Gruppearbeid: NBS sin opptrappingsplan, sjølvforsyningsplan og marknadsregulering

18.00 Presentasjon av gruppearbeid. Diskusjon. Presentasjon av evt. uttalar.

18.30 Møteslutt

20:00 Middag på Scandic Voss

SUNDAG 10. MARS

08:30 Felles samling

Gjensidige-avtalen, HMS.

10.30 Uttalar frå felles årsmøtesamling

11:00 Laga går kvar for seg: Årsmøteavvikling

13:00 Lunch

14.00 Visning av filmen «Sau» av Rakel Nystadbakk. Voss Kino.

Etter lunch og film kan dei som har lyst vere med til Nils Martin Seim for å sjå den nye lausdriftsfjøsen hans.

Innhald



SIDE 4	LEIAREN HAR ORDET
SIDE 6-9	STYRET OG TILLITSVALDE
SIDE 10-13	FYLKESSTYRET SITT ARBEID
SIDE 14-15	REKNESKAP
SIDE 16-17	LANDSMØTET I NBS 2023
SIDE 20	INN PÅ TUNET
SIDE 22-24	LANDBRUKSLUNSJ PÅ KORSHÅJEN
SIDE 26-28	MEDLEMSTREFF PÅ KORSHÅJEN
SIDE 30	SOMMARTUREN
SIDE 32-34	UNG BONDE: TORGEIR TIMENES BELL

Leiaren har ordet

Et år med vekst



Fylkesleiar
Hanne Bjerkvik

KJÆRE MEDLEMMER.

NORSK BONDE og Småbrukarlag har i 2023 seilt i medvind.

NYE MEDLEMMER kommer til, sovende lokallag vekkes til live og nye opprettes. Også i Sogn og Fjordane merker vi medlemsvekst, og det gleder vi oss over.

OGSÅ I SOGN og Fjordane merker vi medlemsvekst, og det gleder vi oss over.

VED VEKST møtes også utfordringer, vi må det neste året få på plass rutiner for ivaretagelse av nye medlemmer, og oppfølging slik at nye medlemmer får mulighet til å komme med sine synspunkter, tilføre nye perspektiver, og ikke minst kunne bidra med det de ønsker.

VEKSTEN VISER at flere får øynene opp for NBS sin politikk. NBS har for alvor markert seg!

BÅDE MEDLEMMER og tillitsvalgte har jobbet godt for å løfte våre budskap og løsninger ut til alle samfunnslag, gjennom samtaler, sosiale media og media.

SOGN OG FJORDANE BS har også markert seg. Internt i organisasjonen har fylkeslaget vist at vi ikke er redd for å fronte saker som er viktige for oss, til

tross for at vi vet at det kan møte motstand.

OGSÅ UTENFOR organisasjonen er det flere som tar kontakt med oss og inviterer oss inn til dialog og møter for å få våre synspunkt. Dette viser at jobben som er gjort de siste årene er i ferd med å gi resultater.

MEN VI KAN ikke gi oss her, jobben for "folk i arbeid, jord i hevd" fortsetter.

VÅRENS JORDBRUKSFORHANDLINGER vil for alvor vise hva myndighetene vil med jordbruket og matproduksjonen i hele landet.

NBS, også i Sogn og Fjordane, er klare til å gjøre alt hva vi kan for å prøve å påvirke i rett retning.

VI MÅ FINNE den samla styrken, løfte sammen i flokk, og ta ett skikkelig krafttak for jordbruket, bonden og matberedskapen.

2023 HAR PÅ alle måter vært et flott og begivenhetsrikt år, nå fortsetter vi med full styrke inn i 2024.

*Hanne Bjerkvik
Fylkesleiar Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag.*



Lease i staden for å kjøpe?

Leasing har mange fordeler framfor lånefinansiering og kan vere eit godt alternativ når du har bruk for køyretøy eller utstyr ein periode. Inntil 100% finansiering.

I lag finn vi ei løysing som passar for **di bedrift.**



Vi tilbyr leasing gjennom
Sparebank1 Finans Midt-Norge



Ta kontakt med
Ørjan Skåden
orjan.skaaden@ssf.no
481 67 120

Styret og tillitsvalde

FYLKESSTYRET 23

LEIAR: Hanne Bjerkvik

Furenesvegen 48, 6967 Hellevik i Fjaler

Mobil: 482 58 256

E-post: hmbjerkvik@gmail.com

NESTLEIAR: Håkon Langeland

Guddalsvegen 1729, 6966 Guddal

Mobil: 988 14 412

E-post: haakon_86@hotmail.com

STYREMEDLEM: Nina Sofie Gjelsvik

Åmotsvegen 177, 6977 Bygstad

Mobil: 971 94 958

E-post: ninagjel@online.no

STYREMEDLEM: Torkjell Sollesnes

Fortunsdalen 534, 6877 Fortun

Mobil: 412 63 887 / 475 76 861

E-post: torkjellsollesnes@yahoo.no

STYREMEDLEM: Anders Hopland

Lonevegen 213, 6967 Hellevik i Fjaler

Mobil: 415 15 981

E-post: am-hopl@online.no

1 VARA: Eli Berge Ness

Gaularfjellsvegen 550

6978 Viksdalen

Mobil: 958 66 050

E-post: eli.ness@online.no

2. VARA: Heidi Håheim

Oldedalsvegen 656, 6788 Olden

Mobil: 928 46 257

E-post: herafhr@hotmail.com

EID, SELJE OG VÅGSØY BS:

Kontaktperson: Geir Midnes

Lotevegen 737, 6778 Lote

gemid@live.no / 905 22 188

GLOPPEN BS:

Eva Vigerust,

Breimsvegen 1258, 6827 Breim

gloppensmabruker@gmail.com / 410 82 533

HYLLESTAD OG FJALER BS:

Brit Inger Skaar,

Skorsvegen 563, 6953 Leirvik i Sogn,

bi-skaar@online.no / 941 94 307

HØYANGER BS:

Jarle Martin Håland,

Ikjefjord 261, 5962 Bjordal

jarle.haland@enninvest.net / 466 65 815

LUSTER BS:

Olav Harald Alme,

Lomheim 4, 6869 Hafslo

olavharald.alme@gmail.com / 915 32 775

SOGNDAL OG LEIKANGER BS:

Olav Nesse,

Gorvinsvegen 8, 6856 Sogndal

olane@online.no / 977 72 828

STRYN BS:

Ingolf Folven,

Strynevegen 2837, 6798 Hjelledalen

if-juen@hotmail.com / 481 31 838

SUNNFJORD BS:

Karen Hornnes,

Hornnesvegen 113, 6801 Førde

karen.hornnes@eninvest.net / 481 67 076

LOKALLAG

AURLAND BS: Håvard Vidme

Vidmevegen 3, 5743 Flåm

Vidme_@hotmail.com / 921 32 530

BREMANGER, FLORA OG VIK BS:

Kontakt fylkeslaget ved fylkessekretær

sognogfjordane@smabrukarlaget.no

VALNEMND 2023:

Leiar: Olav Harald Alme, Luster BS

Marit Milde, Sunnfjord BS

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf.: 72 50 50 50 • felleskjopet.no



Hanne Bjerkvik

Buset: Fure i Fjaler
Hyllestad og Fjaler BS

Produksjon: Ammeku

Oppvekst: Saltstraumen i Nordland, flytta til Fjaler sommaren 2020

Utdanning: Fagbrev som institusjonskokk

Verv: Fylkesleiar Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, ordførar i NBS

Arbeid: Jobbar som butikksjef utanom drifta

Kvifor NBS? Det er ein organisasjon med ei sterk stemme for å utnytte mangfaldet i norsk landbruk, som ser norsk landbruk i eit solidarisk perspektiv og som er ein organisasjon som kvar dag kjempar for at også dei små og mellomstore har livets rett.



Håkon Langeland

Buset: Guddal
Hyllestad og Fjaler BS

Produksjon: Melkeproduksjon

Oppvekst: Fødd og oppvokst på garden eg drive.

Utdanning: Agroteknikk (Fagskule)

Verv: Nestleiar Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag,

Arbeid: Melkebonde

Kvifor NBS? Fordi NBS jobbar FOR bonden og ikkje imot bonden.



Nina Sofie Gjelsvik

Buset: Åse, Bygstad
Sunnfjord BS

Produksjon: Ammekyr, geit, sau og juletre.

Oppvekst: Åse, Bygstad.

Utdanning: Agronom-utdanning, saum og kunstfag, samt norsk, samfunnsfag og religionsfag frå Høgskulen i Volda.

Verv: Styremedlem Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag.

Arbeid: Driv garden, samt eige elektrofirma saman med sambuar.

Kvifor NBS? Eg ønskjer eit landbruk over heile landet, der det er sjølvstøtt at alle skal med. Eg ville stå i eit faglag som ikkje er redd for motvind, og med takhøgde for at alle stemmer skal høyrast.



Torkjell Sollesnes

Buset: Fortunsdalen i Luster
Luster BS

Produksjon: Sau, ammegeit og Inn på tunet.

Oppvekst: Vaks opp i Bergen.

Utdanning: Lærarutdanna med tilleggsfag, hovudfag i pedagogikk. Dette blei vidareutvikla til 1.lektor.

Verv: Styremedlem Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag,

Arbeid: Grunnskulelærer i 14 år, spesialpedagog i PPT i 10 år, høgskulelektor/1. lektor ved HSF/HVL i 12 år. No pensjonist.

Kvifor NBS? Då vi fann eit småbruk i Luster fann eg snart ut at det var NBS som sto for den landbrukspolitikken som ligg mitt hjarte nærast.



Anders Hopland

Buset: Hellevik i Fjaler
Hyllestad og Fjaler BS

Produksjon: Mjolk og skog

Oppvekst: Hellevik

Utdanning: Agromom. Fagbrev som sjåfør

Verv: Styremedlem Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag. Medlem i NBS sitt mjelkeutval. Leiar i Hellevik Hjortevald

Arbeid: Bonde

Kvifor NBS? Eg ynskjer eit variert landbruk, med plass til alle. Viktigt å kunne sjå den enkelte bonde. Av faglaga er NBS den beste organisasjonen i so måte.



Fylkessekretær

Karen Hornnes

Buset: Hornnes i Førde
Sunnfjord BS

Måtte gje opp bondeyrket då garden vart tatt til tomtefelt. Aktiv pensjonist

Verv: Lokallagsleiar Sunnfjord BS, styreverv i Førde UL og Førde historielag, leiar for skriftstyret i historielaget

Arbeid: Tilsett i 25 prosent stilling som fylkessekretær sidan 2023

Utdanning: Agronom og div. fag innan økonomi

Kvifor NBS? Då vi overtok garden i 1985 var det naturleg å melde seg inn i eit faglag, og valet falt lett på NBS. NBS har vore ein god skule dei åra eg har vore medlem i laget.

Årsmelding 2023

Fylkesstyret sitt arbeid

Nestleiar Håkon Langeland er fast medlem i representantskapet i NBS fordi Hanne er ordførar i NBS. Kontaktperson til kvinneutval er Nina Sofie Gjelsvik. Ingolf Folven er medlem av kontaktutvalet for rovvilt.

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag hadde ved årsslutt 12 lokallag med totalt 382 medlemmar.

Ved årsslutt 2022 hadde vi 364 medlemmar, so det er fortsatt auke i medlemstalet.

Årsmøte 2022 vart halde på Gloppen Hotell 4.-5. mars 2023, fellesmøte med Hordaland Bonde- og Småbrukarlag.

Fylkesleiar i Sogn og Fjordane BS, Hanne Bjerkvik, ynskte velkomen til felles årsmøtesamling og varaordførar Per Jarle Myklebust i Gloppen kommune ynskte oss velkomen til Gloppen.

Som innleiarar på fellesmøtet på laurdagen var:

Generalsekretær i NBS Anton Langeland - Sjølvforsyning i eige fylke i eit evigheitsperspektiv.

Åsmund Kvifte, NIBIO Vest - Sunn jord for ei utrygg framtid.

STYRET 2023

Hanne Bjerkvik

– Leiar –

Håkon Langeland

– nestleiar –

Nina Sofie Gjelsvik

– styremedlem –

Torkjell Sollesnes

– styremedlem –

Anders Holand

– styremedlem –

Eli Berge Ness

– 1. vara –

Heidi Håheim

– 2. vara –

Robbie Bankes og Johanne Paulsen, Sogn Jord- og Hagebruksskule - Jordbruket - ei utdøande næring?

Middag og sosialt samvær på Sølvane Gard. Marit Milde vart her takka av som fylkessekretær.

Sundagen starta med: Gjen-sidigeavtalen. Ole Johan Hegrenes frå Gjensidige Sogn og Fjordane gjekk gjennom avtalen.

Deretter uttalar.

Dei to laga vart samde om 4 uttalar frå årsmøtet.

Til slutt heldt dei to laga sine respektive årsmøte kvar for seg.

Årsmøtet i SFBS hadde mange gode og nyttige innspel til ein arbeidsplan med gode planar og arbeidsoppgåver for året 2023. Det aller meste av planen er gjennomført.

Det har vore litt endringar i styret i løpet av året då vi fekk ei utmelding.

Det har gjennom året vore kontakt mellom fylkesstyret og lokallaga. Møta har vore på teams. Bra oppmøte og gode tilbakemeldingar og innspel til aktuelle saker.

Ein har arbeidd godt mot og har hatt møte med Statsforvaltar, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Mykje av kontakten og arbeidet er innan Partnerskapet, som er samansett av Statsforvaltaren, Vestland Bondelag og Hordaland og Sogn og Fjordane BS.

SFBS har eit godt samarbeid med Hordaland BS.

Styret har hatt 12 styremøte der to av møta har vore fy-



Generalsekretær i NBS Anton Langeland innleia årsmøtet.
– Sjølvforsyning i eige fylke i eit evigheitsperspektiv.

sisk. Eitt vart halde hos Håkon på Guddalen, det andre på Korshåjen Gard hos Nina. Dei andre møta har vor digitale. 39 saker har vore handsame.

SFBS har dette året vorte meir etterspurde i media. Vi har vore refererte i Firda, har hatt innlegg i Nationen.

SFBS har i 2023 hatt to større arrangement begge i mai/juni. Det første var eit møte

der vi ynskte å informere politikarar som stod på vallister lokalt og på fylket om stoda og utviklinga innan landbruket i Sogn og Fjordane. Diverre var det mange politikarar vi ikkje nådde, men dei som var til stades fekk ein grundig gjennomgang av stoda for landbruket i Sogn og Fjordane. Treffet var på Korshåjen Gard hos Nina. Nortura sytte for grillmat og grilling, Tine sytte for drikke.

Det andre arrangementet vart også arrangert på Korshåjen Gard. Dette var eit medlemsmøte der også Tor Jakob Solberg var med. Begge arrangementa hadde stort engasjement og vil vi seie dei var vellukka.

Styret la ned eit stort arbeid og engasjement for å skipe ei haustsamling i Hafslo. Ein fekk tak i gode innleiarar og fekk sett saman eit godt program. Men diverre var påmeldinga for lita til at SFBS kunne gjennomføre samlinga på ein økonomisk forsvarleg måte.

Jordbruksforhandlingane 2023 vart ei ny erfaring for laget. Det er vel aller første gong at NBS og NB ikkje greidde å gå til Staten med eit felles krav. Staten valde då å forhandle med NB, og NBS vart sett på 'gangen'. NBS sitt opprinnelege krav var på kr. 13,5 mrd. NB la fram eit krav til Staten på kr 6,9 mrd., medan det endelege resultatet vart kr 4,147 mrd. Hovudbodskap: Regjeringa har ikkje tatt innover seg kva situasjon landbruket står i: distrikt, sjølvforsyning, beredskap.

Sommarsamlinga 2023 vart arrangert av



Hordaland BS, og turen gjekk i år til Kilstraumen. Derifrå var det turar til Fedje og til Radøy. Det vart eit vellukka og godt arrangement i år òg.

Ei viktig sak som har opp-tatt styret er 2024- og 2034-krava. Her har styret hatt eit stort engasjement; ei sak som er utruleg viktig også for vestlandsbonden. For mange bønder vil dette kravet vere "kroken på døra".

Landsmøtet 2023 var også i år halde på Hamar. Eit stort og godt gjennomført landsmøte. Sogn og Fjordane hadde 11 utsendingar inkl ein ungdomskandidat. Mange av delegatane var også på talarstolen. I tillegg var fylkessekretær Karen Hornnes, fungerande ordførar Hanne Bjerkvik, Eli Berge Ness NBS, Håkon Langeland SFBS og 3 observatørar. Det var so fullpakka program på landsmøtet at det var umogeleg å samle delegasjonen til fotografering. På LM22 vart Hanne vald til varaordførar i NBS. Ho har stort sett fungert som ordførar omlag heile 2023. Ho losa alle gjennom eit godt landmøte på ein ryddig og fin måte. I år vart ho vald til ordførar i NBS. Eli Berge Ness tok ikkje attval i NBS-styret i år. Vestland er no ikkje representert i NBS-styret.

SFBS ved Nina deltok på møte på Mo om jordbrukssu-



Årsmøtet vart halde på Glommen Hotell.

len si framtid

Laget har også deltatt i samarbeidsmøte med Peak og Vestland Bondelag.

Eit anna arbeid som laget ved Nina har jobba med er å få til eit samarbeid om hjorteforvaltning og hjorten som ressurs. Samarbeidspartar her er faglaga, Jeger- og fiskeforbundet, eigarar og utleigarar av hjortevald, Stasforvaltaren og Hjortefarmen på Svanøy. I dette arbeidet vil SFBS kanskje utforme ein politikk for NBS.

17. april var det møte med leverandør av biogass frå Stryn på Guddalen. Dei heldt foredrag om biogassanlegg. Godt arrangement med godt frammøte.

SFBS har også vore med på fjøsopninga på Gåsemyr.

Hanne overrekte blomar til Anders og ynskje lukke til.

Bondesprell 19.-20. januar i Førde i regi av Vestland Bondelag. Nina og Håkon representerte SFBS.

Styret har hatt eit innhaldsrikt år med mange gode oppgaver til styrke for jordbruket i Sogn og Fjordane.



Under årsmøtemiddagen på Sølvane Gard fekk Atle Løvland overrekk blomst og takk for godt og langt arbeid i SFBS.



Eivind Kandal opna med Nordfjordsongen



Innleiar Åsmund Kvifte snakka om sunn jord for ei utrygg framtid.



Innleiar Robbie Bankes kom frå Sogn Jord- og hagebruksskule. Snakka om rekruttering



Innleiar Johanne Paulsen kom frå Sogn Jord- og hagebruksskule. Snakka også om rekruttering



Resultat

Driftsinntekter	12/31/2023	12/31/2022	note	budsjett 2024
Salsinntekter avgiftsfrie	1 400	38 500		3 000
Kontingent	133 152	117 922		135 000
Smaken av SF	-	-	1 164	
Lønstilskot fylkessekretær	35 000	35 000		38 000
Årsmøte SFBS	26 605			15 000
Salsinntekt årsmelding	39 500			39 000
Støtte frå Gjensidige	7 500	16 572		10 000
Sum driftsinntekter	243 157	206 830		240 000
Drifteskostnader				
Løn til ansatt	86 448	79 128		80 000
Godtgjering til styre og tillitsvalde	10 000	10 000		10 000
Sum lønningar og godtgjersle	96 448	89 128		90 000
Arbeidsgjevaravgift	-	10 466		-
Sum arbeidsgjevaravgift	-	10 466		-
Gåve til tilsette, ikkje frådragsberetta		2 995		3 000
Andre personalkostnader		2 995		3 000
Leige lokalar	24 593	23 238		26 000
Anna framand teneste		30 000		
Profilering	12 569			9 000
Arrangement	30 683		1	30 000
Spleis NBS/fylka	5 000			5 000
Kontorrekvisita	4 442			5 000
Datakostnad	6 016	6 472		3 000
Landsmøte	11 034			11 000
Aviser, tidsskrift, bøker, trykksak o.l.	12 502	16 513		12 500
Møte, kurs, oppdatering o.l.	887	3 000		10 000
Årsmøte SFBS	59 821			20 000
Porto		-		250
Reisekostnad		10 363		8 500
Kontingentar/gåver	7 031	-		5 000
Forsikring	708	2 008		1 000
Bankgebyr	199	1 631		200
Annan kostnad	2 096	-		800
Sum andre kostnader	177 581	93 225		147 250
Sum driftskostnader	274 029	195 814		240 250
Driftsresultat	-	30 871	11 016	-
Renteinntekt	244	-		250
Anna finansinntekt		356		
Finansinntekter	244	356		250
Rentekostnad	-	75		
Finanskostnader	-	75		
Resultat	-	30 627	11 297	-

Kr 29.155 gjeld 2022, betaling for 100 års-jubileum på Skei

Balanse

Eigedelar	12/31/2023	12/31/2022
Kundefordringar	2 685	4 200
Mellomkonto		2 669
Brukskonto	231 766	266 925
Bankinnskott skattetrekk	1 846	2 277
Sum eigedelar	236 297	276 071
Gjeld og eigenkapital		
Annan eigenkapital	- 266 925	- 239 485
Forskotstrekk		1 709
Annan kortsiktig gjeld	-	21 997
Sum gjeld og eigenkapital	- 266 925	- 259 773
Udisponert resultat	- 30 627	16 298
Sum eigenkapital og gjeld	236 297	276 071



Bilagskontroll i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag.

Regnskapen i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag 2023 er kontrollert mot framlagte bilag og kontoutskrifter, og funne i orden.

Førde 29. januar 2024

Ståle Haugen
Ståle Haugen
Bilagskontrollør

Gunnar-Arne Haaland
Gunnar-Arne Haaland
Bilagskontrollør

Rekordstort landsmøte på Hamar 2023

NBS sitt 94 landsmøte blei arrangert 10-12 november 2023. Her deltok rekordmange påmelde på landsbasis.

Frå Sogn og Fjordane møtte, i tillegg til fylkessekretær Karen Hornnes og ordførar i NBS Hanne Bjerkvik, 11 utsendingar og tre observatørar frå våre ulike lokallag. Vi hadde også Eli Berge Ness som representerte NBS sitt landsstyre, som no har sagt frå seg vidare val i styret. Håkon Langeland var med som medlem av representantskapet.

Laurdag

Landsmøtet starta med frukost og registrering.

Leiar i ungdomsutvalet i NBS Anne Brajkovic heldt opningshelsinga før leiar Tor Jakob Solberg heldt si tale. Landbruksminister Geir Pollestad følgde deretter med si tale til Landsmøtet.

Tor Jakob Solberg la i tala si vekt på at vi treng ein ny retning i norsk landbrukspolitikk, og at NBS skal vere den organisasjonen som utviklar idear om ny politikk, ein utfordrar.

M.a. er lokalmat og odelsrett for kvinner, saker som NBS var dei første til å ta tak i. Det

viser at Vår stemme har noko å seie.

Andre moment Solberg var innom; Bondesolidaritet. Familiebruk i eit evighetsperspektiv. Sjølvforsyning. Norske ressursar. Rett talgrunnlag, der er NBS skulder ved skulder med NB, om ikkje får vi eit industrijordbruk utan dyreetikk, som resten av Europa er. Produksjonsregulering er nøkkelen.

Stemninga på landsmøtet kan oppsummerast slik: Halleluja!

Optimismen knytter seg i stor grad rundt leiar, som har evna til å sette dei rette orda på ting, og som framstår på ein ærleg og engasjert måte. Ein føler at ein er med på noko viktig! At Tor Jakob stiller til attval er gullverd for norsk landbruk!

Aksjonen "Bondens nød - din død", blei lagt merke til, på godt og vondt. NBS sin prosessjon med bønder som bar ei likkiste med påskrifta "norsk landbruk" frå landsmøtehotellet, gjennom Hamar sentrum, og ned til kjøpesenteret. Aksjonen vart vist direkte på tv2, og fekk omtale i fleire riksemedia.

Laurdagen blei avslutta med festmiddag og helsingar.

Mellom anna fekk Alvdal Bonde- og Småbrukarlag prisen for størst auke i medlemsmassen i 2023 mens den ekstraordinære beiteprisen gjekk til Fosenaksjonistane representerte på LM laurdag kveld.



Landsmøte 2023. Frå Sogn og Fjordane stilte Ungdomsutsending Isak Eriksson, Magdalena Henriette Thuv, Geir Midnes, Eva Vigerust, Anders Hopland, Jarle Martin Håland, Torkjell Sollesnes, Ingolf Folven, Gunnar-Arne Haaland, Marit Milde og Nina Sofie Gjelsvik. Elles frå Sogn og Fjordane var fylkessekretær Karen Hornnes, fungerande ordførar Hanne Bjerkvik, Eli Berge Ness NBS, Håkon Langeland SFBS og 3 observatørar.

Årets landsmøte vedtok fire uttalelsar:

- Rettferdig sjukefråversordning,
- Beitebruk og matproduksjon er viktigare enn hyttebygging,
- Eit samlet jordbruk er sterkare.
- Bøndene kan ikkje takast for gitt

Søndag

Dagen starta med presentasjon og gjennomgang av endringsforslag, og votering over dei innkomne sakene og forslaga. Landsmøtet blei avslutta med val, før delegatar og gjestar reiste frå Hamar.

av **Marit Milde**

Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag



TOR JACOB SOLBERG

Leiar
Mobil: 911 65 119

VEGARD VIGDENES

Politisk nestleder
Mobil: 958 04 595

MARGRETHE FIGVED

Organisatorisk nestleder
Mobil: 932 44 599

STÅLE STØEN

Styremedlem
Mobil: 957 57 525

RAKEL NYSTABAKK

Styremedlem
Mobil: 918 26 829

**ELLEN MARIE
SØRUMGÅRD SYSE**

Styremedlem
Mobil: 958 60 294

ASBJØRN HAGENE

Styremedlem
Mobil: 997 23 346

HANNE BJERKVIK

Ordfører
Mobil: 482 58 256

**ÅSHILD CHARLOTTE
MONSØ**

Varaordfører
Mobil: 481 43 362

VARAMEDLEM TIL STYRET

1. Nils Martin Seim
Mobil: 481 54 386
2. Marianne Lunåsmo
Mobil: 958 49 230
3. Eldar Melbøe Kyllsø
Mobil: 454 11 131
4. Aadne Ådneram
Mobil: 418 44 000
5. Hilde Lussand Selheim
Mobil: 971 96 813



**Rekneskap
Fjordane AS**

ARS – Autorisert Rekneskapsførarselskap

- Rekneskapsføring
- Løn
- Eigne fagpersonar knytt til primærnæringa
- Eigarskifte
- Skybasert deling av arbeid mellom kunde/rekneskapskontor

KONTAKT OSS:
Sande 57 71 86 60
eller Førde 57 72 41 30

TopLac® Sau Fiber løyser utfordringa!

Supert til lamminga!



Det høge fiberinnhaldet kvesser appetitten på både kraftfôr og surfôr. Sauene held seg friskare, mjølkeproduksjonen er god og lammetilveksten likeeins.

TopLac Sau Fiber er spesielt effektiv om surfôret har høg kvalitet, eller tilgangen er avgrensa.

Ventar du fleire trilling - og firingsøyer så tilrår vi den prisgunstige TopLac® Sau Fiber i lamminga.



Sikrar høg mjølkeproduksjon trass fibermangel



Skånsam for vomma trass høge kraftfôrassjonar



Resepten er basert på 75% TopLac® Sau og 25% Roetopp



Svært god smaklegheit

TopLac® Sau Fiber – den perfekte løysinga ved store lammekull og ekstra godt surfôr.

Produksjonsstart: 15. februar

GODT GJORT ER BETRE ENN GODT SAGT

FISKÅ MØLLE ROGALAND Tlf. 51 74 33 00
FISKÅ MØLLE ETNE Tlf. 53 77 13 77

Fiskå Mølle
www.fiska.no

Inn På Tunet i eit småbrukarperspektiv

Små bruk er diverre sjeldan mogeleg å leve av, og då kan etablering av eit IPT-tilbod på garden vere med å hjelpe til med økonomien. Per no er ikkje IPT ansett å vere ein del av gardsdrifta, men blir sett på som ein tilleggs-næring. Det bør vi gjere noko med.

Inn På Tunet-gardane skal gje eit tilbod til ulike brukargrupper. Brukarane kan ha heilt forskjellige behov, gardane kan vere av ulikt slag og bøndene kan ha ulik bakgrunn, faglege og menneskelege kompetansar. Menneskelege eigenskapar er vanskeleg å dokumentere, men det er sjølvsagt ingen ulempe å ha ein sosialfagleg, pedagogisk eller helsefagleg bakgrunn når ein skal forhandle med aktuelle tenestekjøparar. Tilbydaren står nemleg åleine om å fronte seg sjølv og garden.

Kva aktivitetar den einskilde garden kan gje, blir då fellesnemnaren av tilbydaren sin samla kompetanse, brukarane sin behov og garden sine fysiske mogelegheiter. Har du ein gard som ikkje når opp i dagens «kvantitetsrace» kan det vere ein tanke å utforme garden til å kunne gje eit allsidig tilbod. Kva finnst av aktivitetsmoglegheiter i omgivnadene, og kva kan supplerast ved hjelp av planlegging av sjølve drifta? Turterreng, fiskeplassar og nærleik til hjort og fugleliv, er attraktivt for somme. Andre vil ha nytte av formingsarbeid, baking eller Brettspel. Årstidene kan vere det som spelar inn her. Kanskje kan det vere aktuelt å ha fleire typer produksjonsdyr, eller satse på dyr som ikkje er i produksjon, til dømes hest, kanin eller hund. Både unge og vaksne brukarar har synt stor glede ved å få halde eit lite lam eller ein killing. Somme har ikkje opplevd at ein

hund kan vere ein besteven, og då er det ein god oppleving å kjenne på utviklinga frå skeptisk eller redd til trygg og kompetent.

Oppbevaring eller meiningfull læring? Vi lærer på alle arenaer vi opptre på. Kvar brukar har sine eigne læringsbehov, og garden kan ofte imøtekoma desse behova. For somme er garden den plassen dei har høve til å lære og utvikle seg. Mange opplever dette først når dei får vere på garden, gjere noko praktisk, oppleve samspelet med dyr eller berre det å få kome til eit nytt miljø.

Innafor einskilde IPT-opppdrag er det klårt definert frå tenestekjøpar kva som er forventet av tilbydaren, andre gonger kan det vere bonden som ser kva brukaren treng. Bonden blir i for stor grad overlatt til seg sjølv denne samanhengen. Dei aktuelle departement og statsforvaltarane bør vere med å syne kva bønder og gardsbruk har å by på, og derneft bli pådrivare for at kjøparane av tenestane nyttar IPT.

Så kan vi kanskje innvende at bonden si oppgåve er å produsere mat, ikkje sosiale tenester. Vel, vi dyrker då mat, om enn i liten skala, men med IPT får vi høve til å vise at garden kan representere ein verdi i seg sjølv. Mat er ikkje berre ernæring, det er og noko sosialt. Vi et ved same bord.

av **Torkjell Sollesnes**



DRØV Serien til melkekyr og storfeoppdrett



DRØV Serien til sau og lam



IDEAL Serien til purke, smågris og slaktegris



DRØV Serien til geit

Kraftfôr frå Ottadalen Mølle

- Norgesfôr bruker varmestabil **Levucell®** Levande Gjær i DRØV- blandingar.
- Norgesfôr bruker organisk selen og e-vitamin i IDEAL svinefôr - blandingar.

Kontakt for tilbud og bestilling:

Ottadalen Mølle, Lom:	Tlf: 61 21 18 20
Tenden Transport:	Tlf: 57 87 69 10
Salg, Vestlandet:	Tlf: 94 79 15 79
	Tlf: 48 00 93 77

GRATIS utkjøring av småsekk og storsekk fra våre lager i Stryn, Hafslo og Ørsta!

Besøk vår heimeside www.norgesfor.no/ottadalen



Følg oss på facebook for tilbud og nyheiter!



Ottadalen Mølle
Alltid der for deg

Landbrukslunsj på Korshåjen gard 24. mai

Det var første gang SFBS arrangerte ei slik samling. Det var difor med stor spaning vi venta på kor interessant dette var for dei inviterte. Hovudfokus for samlinga var å få politikarar til lokalval og til fylkestingsval i tale.

Dette ville vi gjere ved at bønder fekk møte dei og fortelje om eigne produksjonar og om kva dei har lukkast med og kva som er utfordringar for dei og i næringa. Vi ville fortelje og syne politikarane korleis deira politikk påverka landbruket i praksis.

Landbrukslunsjen skulle vere eit godt høve til å nå bønder og samarbeidspartnarar med ringverkknadar til landbruket som samvirkeorganisasjonar og andre økonomiske organisasjonar og utdanning. Desse bidrar til store arbeidsplassar og framtid for norsk landbruk.

Det var godt frammøte, ca 45 personar trassa ruskeveget og deltok på landbrukslunsjen. Som kan bli ein fin tradisjon i dei komande åra.

Det var god stemning og gode samtalar om norsk landbruk og landbrukspolitikk.



Arne Sølberg opna med fløytespel.

Landbrukslunsjen vart opna med fløytespel av Arne Sølberg.

Den offisielle opninga av SFBS sin første landbrukslunsj var det **Anne Lilleåsen**, varaorforar i Sunnfjord kommune som stod for. Ho presiserte kor viktig det er å kunne møtast på ein slik arena. Og peika på kor viktig landbruket er for Sunnfjord og i Vestland fylke.

Sunnfjord kommune er den største landbrukskommunen i areal i Vestland og størst på mjølkeproduksjon.

Bonde **Nina Sofie Gjelsvik** ynskte alle velkomne til gards. Ho fortalde om tida som har gått frå ho overtok garden og fram til no. Og kva ho har satsa på. Ho starta med juletre, og sidan har det kome fleire og fleire ulike dyr til gards.

Eivind Fonn frå Nortura hadde ei god innføring av betydninga av samvirkeorganisasjonane si rolle. Han peika på verdiane som vert skapt i desse organisasjonane med utgangspunkt den einskilde gard og bonde.

Og **Torkjell Heiern** frå Tine fortsatte og fortalde om Tine sine fordeler og utfordringar.

Torleiv Straume jr. representerte Fiskå Mølle og kunne sei litt om kva dei kan tilby bonden og landbruket.

Grim Erik Gille-



Anne Lilleåsen, varaorforar i Sunnfjord kommune



Bonde Nina Sofie Gjelsvik ynskte alle velkomne til gards.



Torkjell Heiern frå Tine



Eivind Fonn frå Nortura



Torleiv Straume jr. representerte Fiskå Mølle



Grim Erik Gillestad frå Felleskjøpet



Vandringa oppover postane i råkja.

stad frå Felleskjøpet orienterte om deira rolle i landbruket, og kva dei kunne tilby.

Gode og engasjerte innleiarar. Og dei gav tilbakemelding på at dette var eit veldig godt tiltak som må bli årleg.

Etter innleiarane hadde fått sagt sitt, starta vandringa oppover råkja. Der var det stasjonert bønder frå ulike produksjonar, der dei orienterte om sin produksjon og si erfaring og forventning til landbruk i framtida. Dei som sto på post profilerte godt eigen gard og produksjon. Og det var høve til både ein god diskusjon og å stille spørsmål.

Vel framme ved gardfloren vart det servert grillmat levert og grilla av Nortura og drikke levert av Tine.

Det gjorde då godt med noko å bite i på ein elles regnfull dag. Og samtalan og diskusjonane gjekk godt vidare.

Eit vellukka arrangement med mange gode tilbakemeldingar. Det første i ei rekkje



Ved gardfloren vart det servert grillmat.

av fleire. Nytt arrangement på ny gard til neste år.

av Karen Hornnes

TIL LANDBRUKET LEVERER VI

- Brannvarslingsanlegg
- Elektriske installasjonar
- Internkontroll på el- og brannvarslingsanlegg
- Termografering



 **Sunnfjord
Elektro AS**
EL-PROFFEN

Ta kontakt på
478 36 160 eller
post@sunnfjordelektro.no



MØTER - OVERNATTING - MIDDAG - KULTUR

Medlemstreff på Korshåjen gard

Onsdag 7. juni var Tor Jacob Solberg på gjennomreise i Sogn og Fjordane. Og då var berre å hive seg rundt og invitere til medlemstreff.

Hanne Bjerkvik, leiar SFBS, opna møtet og ynskta alle frammøtte velkomen til møte. Ho hadde fokus på kva oppgåver og utfordringar SFBS har. Med tanke på ynskje og utfordringar frå medlemmane, og kva krav som vert sette frå staten. Ho sette òg fokus på utfordringane i vestlandslandbruket og på eigen gard.

Deretter ynskta Nina Sofie – gardeigar – alle velkomne til gards. Ho fortalde om garden frå ho tok over og fram til i dag. Det var ikkje var drift på garden då ho tok over. Ho starta først med juletre og deretter i det små med nokre høner og sauer. Seinare har det etter kvart kome fleire dyr til gards; påfugl, ammekyr og geiter. I tillegg har ho ein gard som ligg på ei øy, der geitene er på sommarbeite.

Nina hadde fokus på familiebruk som tidlegare berga og gav økonomi til heile familia. Arbeidsmengda kombinert med familieliv og grunnlaget økonomien gjev for investeringar og kor akterutseilt bonden er blitt i dagens samfunn, og i samfunnet sine forventningar til kva den oppveksande generasjonen skal oppleve, vere med på og vere ein del av.

Samstundes som det å vere gardbrukar er eit rikt liv, og leve i pakt med naturen og jobbe utifrå det ressursgrunnlaget ein har på eigen gard.

Deretter var det medlemmar som hadde diverse innlegg med bakgrunn i eigen produk-

sjon og egne erfaringar og ynskje for framtida.

Gunnar-Arne Haaland driv med birøkt. Han starta med spursmålet: Korleis såg frontruta du ut etter køyreturen? Eit spørsmål til ettertanke. Gunnar-Arne fortalde om korleis det er å drive som honning- og sauebonde i Sunnfjord.

Anders Hopland er mjølkebonde, og snakka om kva utfordringar han har som mjølkebonde. Han snakka om stoda i dag og kva mjølkebøndene har i vente framover.

Torbjørn Strand er grisebonde og nyinnmeld medlem i NBS.

Kraftforproduksjon er viktig som tilleggsnæring på vestlandet for dei som ynskjer å vere bønder på heiltid. Grovforarealet på kvart bruk er ofte ikkje stort nok til å vere heiltidsbonde. Svineproduksjon er idell kombinert med storfe/ sau.

Distriktsgrisen i vårt område er av stor betydning for veterinærar i høve vaktordninga og arbeid i lågsesong. Svineproduksjonen går jamt heilt året, og sikrar jamn arbeidsmengde. Dette er igjen med på å gjere veterinærjobbane meir attraktive i vårt distrikt.

Disriktsgrisen er også viktig for slakteria. Den sikrar jamn arbeidsmengde og råvaretilgang heile året. Dette gjeld også forleverandørane.

I år 2000 kom nye krav til bygningar og innreiing for gris. I samband med dette vart det investert betydeleg i nybygg/ fornying i



God prat. Tor Jacob snakka seg varm og stilte spørsmål til tilhøyrerane som fekk dei til å reflektere over eit og anna.

vårt område. Etter det har det ikkje vore prioritert tilskot til bygging av grisehus, og det har nesten ikkje vore investert i bygningsmasse for svineproduksjon etter 2000. Vi har eit stort behov for oppgradering av bygningsmassen. Det er særskild viktig at Innovasjon Norge prioriterer distriktsgrisen. I vårt område er dei fleste grisehusa rundt 25 år gamle, dei er nedslitte og fungerer ikkje i høve den produksjonsframgangen som har vore i løpet av desse åra.

I vårt område er det stor avstand mellom kvar svinebesetning. Det betyr lågare smittepress og miljømessige fordelar i høve område der det er tett mellom grisehusa.

Det vert foredla ei betydeleg mengde svinekjøt i vårt område, og det hadde vore føremålsteneleg og gunstig for miljøet om tilgangen på griseslakt hadde vore større i nærområdet.

Ingolf Folven er geitebonde frå Oppstryn. Ingolf tok opp utfordringar i småfeholdet, og retta blikket mot kva forventningar han har til utviklinga og framtida for småfeholdet.

Egil Devig driv med hest og sau. Han kom spesielt inn på problematikken i samband med manglande vedlikehald av gjerde og gjerdehald. Vurderer å redusere tal sau, og halde på med hest.

Torkjell Sollesnes er engasjert i Inn på tunet. Dette er ei viktig næring spesielt for born og unge. Og behovet og interessa er stor.

Grete Helle Kløvtvedt frå Fjord Gardsmat snakka om matproduksjon av geit, pølser og spekemat m.m. Ho hadde fokus på attgroing av landskapet. Med mindre dyr på beite er dette ein konsekvens. Det må såleis vere gode ordningar for dei som har berre nokre få dyr. Stelte gardar



Leiaren i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Tor Jacob Solberg, kom på medlemsmøte. Her avbildt med f.v Torkjell Sollesnes, Ingolf Folven, Tor Jacob Solberg, Anders Hopland, Hanne Bjerkvik, Nina Sofie Gjelsvik, Håkon Langeland og Karen Hornes.

med dyr på beite er attraktivt både for lokale folk og turistar. Dette påvirker trivsel og bu-lyst i bygdane, næring i samband med landbruk, motverkar attgroing, og held oppe sjølvforsyningsgraden. Kulturlandskapet treng folk og dyr, landet treng bygdene, folk treng mat.

Deretter gjekk turen opp til gardflore. Der vart det servert gryte av hjort og av fjordfe med tilbehør.

Tor Jacob Solberg starta innleiinga si nede på garden, og fortsette på samlinga ved gardflore. Han stilte spørsmål om «kva som gleder deg?» og «kva forventningar og ynskje har du til NBS»

Han utfordra kvar og ein av medlemmane. Alle fekk høve til å kome med forventningar og ynskje til organisasjonen og til leiinga.

Elles tok han føre seg landbrukspolitik-



Dyra fekk sjøvsagt merksemd på medlemslunsjen

ken i dag, jordbruksforhandlingane i år og kva som skjedde i i forhandlingane. Og korleis det var å bli sett på sidelinja i den viktige jobben NBS har å gjere der. Han kom òg inn på framtida for landbruket og for bonden.

Ei vellukka samling på Korshåjen gard.

av Karen Hornes



Litt tryggere gårdsliv

Forsikring Pensjon

Livs- og helseforsikringspakken **Enkelt Liv** er tilpasset deg som driver enkeltpersonforetak – også deg som er bonde.

Blir du syk eller skadet, får du økonomisk hjelp til å gjøre nødvendige tiltak for deg, familien og driften.

Les mer på gjensidige.no/enkelt-liv, eller ring oss på 915 03100.



Vi er her for å gjøre bonden bedre

Norsk Landbruksrådgiving SA | nlr.no | vest@nlr.no | 99 12 40 00



Kilstraumen Brygge. Ein triveleg plass å bu.



Spennande omvisning og prøvesmaking på Feddie Ocean Distillery.



Isbilen svikta ikkje denne gongen heller.



«Gutta på benken». Odd Bildøy, Eivind Arefjord, Jarle Helland og Håkon Osland



Siste post på programmet, Utvandringssenteret på Sletta, Radøy. Gunnar Arne Håland, Jarle Helland, marit Milde, Jorunn Reisæter, Elin Reisæter, Siren Nordbø, Katrine Kløvrud.

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge
medlem.tine.no



Ung Bonde

Kven er du Torgeir Timenes Bell?

Fortel om deg sjølv; bakgrunn, oppvekst, interesser

Eg er åttande generasjon brukar på Øvre Bell i Viksdalen. Å vekse opp som yngst av tre søsken, med god margin, gav mykje tid til å drøyme seg vekk som liten. Såpass langt vekk at det tok ti år før eg flytte tilbake til heimgarden. Tida vekke heimanfrå vart brukt på å studere, reise, bu i by og utforske yrke utanfor landbruket. All ære til kårfolket som haldt drifta i gong dei åra det tok å bestemme oss for å ta over. Det er ein luksus ikkje alle på veg inn i landbruket har.

Du er ny medlem i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Kva var grunnen til at du valde NBS?

Av faglaga i landbruket er det politikken NBS fører eg trur kan halde lyset på i flest våningshus i tida framover. Det er ikkje berekraftig å auke dyretal, kvote og areal pr. bruk meir. Det er folk som trengst i denne bransjen no.



**TORGEIR
TIMENES BELL**

Busett på Øvre Bell
i Viksdalen

Sivilstand: Sambuar
med Linda Hagen
Myklebust

Utdanning: Sivilingeniør i industriell design,
vaksenagronom.

Yrke: Agronom

Drift: Melkeproduksjon
geit, spælsau

Kor kjem engasjementet ditt frå?

Engasjement kjem litt av seg sjølv i bygdene, trur eg. Utan

dei store folkemengdene å gøyme seg i må ein ta tak i ting sjølve. Det er frivillighet som driv bygda eg bur i, og dugnadsarbeid kjem naturleg til innbyggjarane. For meg vart styreverv i 4H-klubben springbrett til mange år som tillitsvald i 4H Noreg og frivillig arbeid ved Studentersamfundet i Trondhjem.

Du har drive gard i litt over eitt år. Korleis har dette vore?

2023 vart ein litt trong start på styringstida vår. Sjukdom i flokken og daudfødde kje plaga oss gjennom vinteren, og mjølkeproduksjonen kom aldri opp på normalnivå. Andreslåtten var våtare enn vi trudde var mogleg og mesteparten av tørrgjødsla har overvintra. Det vart aldri køyreforhold trygge nok til å få det ut på marka.

Slike år er heldigvis svært lærerike. Vi ser kva vi må vere budd på i tida som kjem og må tilpasse oss til forhold i stadig endring. Det er eigentleg ganske spennande.



GARDEN PÅ ØVRE BELL: Her på garden driv Torgeir med melkeproduksjon med geit, så har dei spælsau.

Kva planar har du for garden?

Garden vi driv er eit klassisk vestlandsk småbruk. Vi disponerer 40 daa relativt bratt slåttemark og gode utmarksbeite oppunder fjellet. Garden har også lang tradisjon for stølsdrift på Gaularfjellet med ypparlege beiteområde for geit og sau. Vi kom hit for å prøve å halde skogen vekke og jorda i drift. Det finast nok attgrodde lier i landet. Målet vårt er å sjå om vi klarar å leve av jorda som høyrer til bruket og med ei høveleg drift som ikkje slit oss ut korkje fysisk eller økonomisk. Då må ressursane forvalta bra og alle naturlege tilhøve utnyttast. Både eigenforedling og gardsturisme er idear som kjem att rundt middagsbordet. Vi får sjå kva vi landar på!

Du har nok gjort deg tankar om framtida som bonde og som bonde på Bell.

Som dei aller fleste i landbruket ønskjer vi å gi frå oss garden i betre stand enn vi overtok den. Vi hadde eit bra utgangspunkt, så det skal godt gjerast. På same tid har distrikta i Noreg utfordringar. Like viktig som å gjere

garden attraktiv for neste generasjon vert det å gjere bygda attraktiv. Vi har plass til fleire i Viksdalen!

Korleis ser ein vanleg kvardag ut for deg?

Det kjem an på årstida. Nett no er det ferie og sintid for geitene. Alle ligg liksom og ladar batteria til det brakar laust igjen. Frå starten av mars går vekene eigentleg i eitt med kje, lam og våronn. Juni kjem sikkert til å komme brått på i år også.

Korleis ser du på norsk jordbruk i dag, og kor bør vegen gå/går vegen vidare?

Eg håpar og trur landbruket har fått eit snev av optimisme dei siste åra. Det kjennast meir attraktivt å gå inn i næringa enn det gjorde for ti år sidan. Vi lev i ei verd som glir sakte frå kvarandre, der kvar nasjon vert meir opptatt av seg og sitt og forsyningslinjer for mat og andre varer ikkje er like saumlause som dei var tidlegare. Det tvingar oss til å bli kreative og nytte naturressursane her til lands betre for

å kunne forsyne folket. Godt nytt for oss som driv matproduksjon under forhold som ikkje er optimale.

Kva må ein ha fokus på for å minske avskalinga av fleire bruk?

Det må leggest til rette for at eksisterande drift kan tilpassast nye retningslinjer. Inves- teringspresset må ned og inngangsbilletten for å overta gardsbruk burde vore lågare. Ønsketenking, kanskje.

Saker som har engasjert deg i det siste?

Marknadsregulatorane som tabbar seg ut med underdekning i marknaden når det fin- nast produksjonsevne og vilje.

Beskriv deg sjølv med 3 ord:

Nysgjerrig, tolmodig og livsglad.

Korleis vi venene din beskrive deg?

Som eit kronisk positivt jamenneske, hehe.

Om du ikkje vart bonde, kva ville du ha gjort?

Etter avslutta studie fekk eg smaken på livet som produktdesignar. Om vi ikkje dreiv gard hadde eg truleg haldt fram med pro- duktutvikling. Kontorfellesskap, kaffimas- kin, og fast løn er ikkje til å kimse av.

Hobbyar? Har du tid til det?

I perioden mellom jul og starten av kjeinga i

mars er det timar att i døgnet til hobbyar. Le- dige stunder gå gjerne til oppussing, organi- sasjonsarbeid eller bygdeutvikling.

Korleis slappar du av?

Det går an å finne roa omtrent over alt. Som småbarnsforeldre er det mest avslappande vi veit å la besteforeldre ta seg av barnebarn og ta heilt daglegdagse gjeremål saman.

Klima/miljø – korleis engasjerer det deg?

Fotavtrykket til garden og familien er viktig. Vi prøvar å forvalte ressursane på bruket på ein forsvarleg måte og luktar på fleire løysin- gar for å auke delen fornybar energi brukt i drifta.

Kva bil køyer du?

Kva som helst, så lenge det er trygt på vegen og har firehjulsdrift. Gardsbilen er ein Hiace med plass til byggevarer, møblar, geiter, tørr- høy, ved, fem passasjerar og gjetarhund, el- ler ein kombinasjon av desse.

Musikk, mat, lesestoff....

Eg les fantasy, det har alltid vore favoritten. Kanskje drøymmer eg meg framleis vekk. Det vert mykje podkast eller lydbøker på øyret ute i arbeid, då får eg brukt hendene og ho- vudet på same tid.



Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptre sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndernes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

Se medlem.nortura.no

Nortura
bondens selskap

Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Klippeutstyr



Hengemaskiner, handklippemaskiner med batteri eller 230 V, knivar, kammar m.m.

Aktuelt til lamminga



Mjølkepumpe for sau, geit og ku. Enkel i bruk.
Råmjølkserstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Drikkeutstyr for sjølvmontering



Vi har alt du treng for montering av drikke- utstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, trau, stål- og plastrøyr, røyrdelar m.m.

Gjerdeutstyr



Stort utval i elektrisk gjerdeutstyr.

Nessemaskin

Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00


www.nessemaskin.no

SPAR Jølstraholmen opnar **ny butikk** 8. mai 2024



Returadresse:

Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Hornnesvegen 113
6809 FØRDE



50



Aase Landbruk a.s

+ 47 468 15 128

www.aaselandbruk.no

***Aase landbruk har traktorer og landbruksutstyr som
fyller ditt behov til en fornuftig pris***

Sandnes - Skjold - Hægeland - Sande

